

Lars Børge Sæberg frå Omvikdalen kjem i Senioruniversitetet, torsdag 24.10.klokka 11 på Husnestunet.

I april dagane i 1940 hadde Kvinnherad ein meir sentral plass enn mange er klarover. Sjølv i bøker som tek for seg den norske marinen sin rolle i kampane, er Ytre Hardangerfjord Sjøforsvarsavsnitt lite omskrive.

Likevel er det eit faktum at noko av den mest energiske og samanhengande innsatsen marinen ytte, fann stad i vårt nærområde, og frivillige frå våre bygder tok del i dette.

Lars Børge Sæberg frå Omvikdalen vaks opp etter krigen, og hørde historiene frå dei som sjølve hadde opplevd krigsåra, og ikkje minst kampane lokalt.

Men forteljingane var svært ulike, noko som førde til at Lars Børge seinare kontakta mange av deltakarane og skreiv ned deira historier, slik kvar og ein hadde opplevt april dagane.

Samanlagt, og saman med den overordna historia, gjev dette eit godt bilete av dagar der kvinnheradbygdene lett kunne fått ein ublid lagnad

Av Grethe Brundtland